

# HEGGERUSTEN



*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*I Norske Gardsbruk 1997 er det oppgjeve at Heggerusten i Nordheradsalmenninga har vore i slekta sidan 1844, og desse var truleg dei fyrste som var i Heggerusten. Dette var Syver Christensen Sandbakken f. 1816, d. før 1875, og kjerringa Ingrid Olsdotter Aabakken 1804-1878. Dei hadde barna*

*Christen Syversen f. 1839, i 1865 budde han heime og var nemnd som vegarbeidar, han reiste seinare til Amerika*

*Toline Syverdatter 1843-1934*

*I 1875 budde det ikkje folk i Heggerusten, Ingrid og Toline budde da som inderstar i øvre Kleiven.*

*Gudbrandsdalskommisjonen nemner at Heggerusten var hevda eigedomsbruk og tilhørde i 1878 Ingrid Olsdotter. Ho døyde det året og det vart dottera Toline som vart verande i Heggerusten. Toline var ugift, men hadde utanfor ekteskap to søner med Pål Kolgroven (Ulsbustugu) f. 1854, Pål reiste til Amerika og vart der prest eller lesar.*

*Kristen 1878-1956*

*Iver 1881-1968, gift med Mari Pedersdotter Ulsanden 1872-1960, dei budde fyrst i Kvitulen og seinare i Voldheim*

*I 1900 er Heggerusten nemnd som almenningsplass. Kristen budde der saman med mora og ifølgje folketellinga var han sysselsett med*

*jordbruket. Jordbruket var 2,5 mål jord og 6 geit, men i tillegg var det tjrubrenning og fabrikasjon av river.*

*Kristen vart gift med Ymbjør Olsdotter Garmosøygarden 1872-1952.*

*Dei hadde sonen*

*Kristian 1911-2000*

*Ymbjør hadde før ekteskapet sønene*

*Ragnvald Knutsen 1901-1985, budde på Otta, faren var Knut Vesløygard*

*Anton Iversen f. 1908, budde i Skedsmo, faren var Ivar Kongelhaugen*

*Kristian overtok bruket etter faren i 1956, han var ugift og budde i Heggerusten til ca. 1985. Fyrst det året fekk Kristian skjøte frå Statskog med eige gards- og bruksnummer 188 – 2. Etter dette var eigar Rikard Tøfte, sonen til syskjenbarnet Rønnaug Garmosøygard., men det budde ikkje nokon der.*

*Frå 2001 har Karl Viggo og Sisko Waldersløv kjøpt og busett seg i Heggerusten.*

*I 1865 er det ikkje nemnd korkje dyr eller jordbruk i Heggerusten, og i 1875 budde det som nemnd ikkje folk der.*

*Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom s. 16*

*J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 43*

*M.Høgåsen, Årbok for Gudbrandsdalen 1961: Lykkelegaste mannen ., s. 110*

*Norske Gardsbruk 1997*

*Folketelling 1865, 1900*

*Gudbrandsdalskommisjonens indberetning 1882*

*Anna Randen: munnleg fortalt*